

Hafslotun er hyttesenteret

HAFSLO: – Det eigentlege Hafslotun er hyttesenteret i bakkane over kroa, seier Paul Fransen, som driv dei tolv utleigehytene i åsen under Heggmyrane. Han meiner det kan vera på sin plass med ei lita presisering etter tysdagens Sogn Avis, der kroanlegget mot Fv55 var omtala. – Dei nye eigarane av kroa har eigentleg ikkje høve til å bruka dette namnet, seier Paul Fransen, som har forventningar til at det kjem opp eit nytt namn på dette anlegget. Det siste annonsera døgna også den nye eigaren i nemnde artikkelen i avisene. For å vera på den sikre sida: Hafslotun som nemning skal bort frå kroveggen mot Fv55, det er i både gamal og ny eigars interesse.



UPPREIST:
Det er dei tolv hyttene bak kroa som ber nemninga Hafslotun, ikkje kroanlegget.

Krutt & Kanel

AURLAND: Den nystarta verksmeda Krutt & Kanel as har opna kafe på Aurlandsvangen. Til denne etableringa har verksmeda søkt om tilskot frå Aurland kommune. Styret for konsejsionsavgiftsfondet har vedteke å gje eit tilskot på 100.000 kroner til verksemda.

Luster bur seg på tømm

■ ■ ■ Først med skogsvegplan

GAUPNE: Det blir travelt i vestlandsskogen om 10-15 år og Luster er fremst i fylket på å førebu tidenes tømmerrush.

Luster har, som første kommune på Vestlandet, levert frå seg ein hovudplan for skogsvegar.

Tretten vegar

Planen famnar tretten område i kommunen, det blir gjort greie for skogsvegprosjektet frå Hafslon til Skjolden, i alt 20 kilometer med ny veg. Det handlar om skog som er hogstmoden kring 2025.

– Luster har halde seg med ein dugande skogbruksjef og hatt vedvarande fokus på skogbruksjef, seier fylkeskogmeister Torkell Hofseth, og er særskilt godt nøgd med Luster sin innsats på dette feltet.

Har fagfolk

Det er også leiaren for Kystsogbruket, Helge Kårstad. – Luster har sett fagfolk på jobben, seier han, og lèt oss skjøna at ikkje alle kommunar disponerer denne ressursen, sjølv om det er nøgda med snarleg hogstklar skog. Han forvaltar 200 kommunar innanfor ramma av Kystsogbruket, berre fire kommunar til, to i Nordland og to i Sør-Trøndelag, er like langt komne som Luster.

Haustefasen

Fylkeskogmeisten trur fleire kommunar snart tek til å røra på seg.

– Me nærmar oss moden skog, haustingsfasen kjem nærrare, då blir dette meir aktuelt, seier Torkell Hofseth.

Luster sin «skogmeister», skogbruksjef Arne Kristian Borger, får mykje ros for skogsvegplanen som no ligg på bordet. Han har vore i gang, i deltids stilling, sidan 2009. Tretten anlegg er skildra i planrapporten, fire i Hafslon, to i Marifjøra, to i Jostedal og to i Skjolden, forutan på Sørheim, Nes og Indre Hafslon.

Ei bruttoliste

– Dette er ei bruttoliste, seier han, og det interessante blir no i kva tempo vegane blir framførde. I Jostedalen er to veger ferdige allereie, på Hafslon er ein veg fullført, ein er under bygging og tre ferdig godkjende. Den eine i Jostedalen låg klar for bruk etter at ein ubuden gjest hadde rava ikking 1. og 2. juledag for halvannå år sidan. – Der var me på plass nett i tide, seier Arne Kristian Borger.



EFFEKTIV TRANSPORT: Svenske sjåførar flytter stokkane effektivt frå skogen til kaien på Grandane, her Håkan Larsson i samtale med fylkeskogmeister Torkell Hofseth.

tedalen låg klar for bruk etter at ein ubuden gjest hadde rava ikking 1. og 2. juledag for halvannå år sidan. – Der var me på plass nett i tide, seier Arne Kristian Borger.

700 kilometer

Han meiner alle tretten har gode utsikter til å vera klare oppunder den produktive fasen, om 8-10 år, tidlegast.

Fylkeskogmeistaren opplyser at behovet berre i Sogn og Fjordane er 700 kilometer ny skogsveg. – Me har bruk for å sjå skogsvegbygging i eit tre gonger så stort omfang som i dag om me skal få den hogstmodne skogen ut, seier han, og konstaterer at me kjem därleg ut om me jamfører oss med det indre Austlandet.

Må importera

Fylka sør og nord for oss har omlag same behovet.

– Vegdekninga er låg i skogene på Vestlandet, seier Torkell Hofseth.

Heleg Kårstad minner om marknadsutsiktene for godt tømmer, berre her på Vestlandet. – I Bergen bygger ein mykje ne, men berre tolv prosent av materialet er frå eige fylke, Hordaland. Den store bergensmarknaden må henta resten austaføre og utenlands.

Mykje sterkare

Fylkeskogmeisten har også godt nytt å fortelja:

– Kvaliteten på vestlandsgrana er mykje betre enn venta, det er fordi trea står tett, det er ideelt i lys av potensialet for styrke, seier han, og opplyser at vestlandsstokkane kjem ut fleire gonger betre enn austlandsstandarden på styrke.

Terje Eggum

terje.eggum@sognavis.no

■ ■ ■ Tretten veganlegg



LUSTER IMPONERER: Helge Kårstad, til venstre, og Torkell Hofseth smiler breitt når dei ser seg om i Gaupne, hamna for innsats dei neste tiåra. Til høgre skogbruksjef Arne Kristian Borger.

– Me skal følgja opp

GAUPNE: – Me ser på skogen som ei viktig næring, seier ordførar Ivar Kvalen, og trur mange er uvitande om kva verdi skogen representerer i den store kommunen.

Han minner om at ein i Luster har dei vore tydelege på behovet for ein skogbruksjef. – Me har lenge sett dette verdiskapingspotensialet, seier han.

Mykje skog

Skogreisinga på 60-talet var

stor i Luster, og nesten alt som er stort i Luster, blir stort også målt på fylkesnivå. Luster er femten prosent av Sogn og Fjordane.

– Det inneber nye vegar i skogen?

– Ja, og dette må planleggjast, seier Ivar Kvalen, som er glad for at kommunen sin hovudplan på skogsvegar no ligg på bordet, som den første i fylket.

Grunneigarane

Ordføraren har forstått at kvaliteten på grana i Luster også er framifrå. Han meiner det lovar godt for prisar når tida er inne.

– Korleis blir prosessen vidare

når det gjeld å byggja skogsvegar?

– Dette er mykje opp til grunneigarane, det er skogbruksjefen som har kontakten dit, men det skal ikkje stå på kommunen når det gjeld å følgja opp.

Kraftig auke

Han er samd i at kommunen bør ta høgd for ei relativt kraftig auke i skogsaktivitetene om ti år.

– Og kvar bør nyplantinga skje?

– På dei stadene det er naturleg å hausta skog, det finst nemleg også døme på tilplanting som aldri kjem til å bli teken ut.

Får ikkje tilskot

AURLAND: Lærdal Grønt har søkt Aurland kommune om eit tilskot på 60.000 kroner til eit prosjekt om potet- og grønsakproduksjon på Vestlandet. Søknaden har vore behandla i styret for konsesjonsavgiftsfondet. Der kom Audhild Rogdo (Sp) med framlegg om å innvilga søknaden. Framlegget til Rogdo fekk to røyster, medan fleirtalet på tre røysta for tilrådinga frå rådmannen. Der står det at Aurland kommune er positiv til tanken bak prosjektet, men at kommunen ikkje har pengar på budsjettet til å innvilga søknaden i år.

Herfesten

025



er prega av stor avverking allereie, den solide kaien er kommunal og klar



SKOGKOMMUNE: Ivar Kvalen er ordførar i ein stor skogkommune. – Me har vore medvitne på dette og satsa på kompetanse i denne sektoren, seier han.



ORIENTERT: Me tek avgjerd til vitande, seier styreleiar Helge Indrelid.

(Arkivbilete.)

Toppsjefen gir seg

AURLAND: Gunnar J. Onarheim Sulen har orientert styret om at han seier opp stillinga si som banksjef i Aurland Sparebank.

Dette skriv styret i banken i ei pressemelding. Nestkommanderande Gunnar Skahjem er konstituert banksjef i Aurland Sparebank inn til vidare.

Sulen har vidare gjeve melding om at han ikkje vil arbeida i banken med verknad fra 1. juni 2013.

Uro

Det har vore uro i banken sidan Suland, etter eit portrettintervju i Sogn Avis med Høgre-representanten Monica Finden, bad ordføraren kalla henne inn på teppet. Bakgrunnen var at Finden hadde kritisert fleire sentrale personar i Aurland for at dei ikkje budde i kommunen.

Styreleiar Helge Indrelid i Aurland Sparebank, seier

Sulen ikkje er beden av styret om å vurdera jobben sin.

– Nei, styret har ikkje bede han om noko slikt, dette er ei vurdering han sjølv har teke. Som du veit, har det vore litt uro i banken. Sulen har vore sjukmeld og no har han orientert oss om at han seier opp. Det har vore litt fram og tilbake over tid, no har saka tydeleg mognast. Så får me berre ta til vitande at Sulen har teke dette valet.

Ikkje leiarkrise

Indrelid seier bankdrifta i Aurland vil gå som normalt og at det ikkje er snakk om noko leiarkrise sjølv om toppsjefen no har gått på dagen.

– Styret i banken vil snarast starta prosessen med å rekruttera ny banksjef. Men no er me midt i juni månad og roar ned det heile til det byrjar å haustast. Då vil me gjera noko meir. Gunnar Skahjem har vore NK i banken i lengre tid og er svært habil når det gjeld å driva banken. Han vil sikkert også vera ein habil kandidat ved ei seinare

utlysing av stillinga. Men det får tida visa.

Styret tok avstand

Det var 21. mars Sogn Avis kunne avsløra at banksjefen hadde sendt ein epost til ordførar Neralv Distad der han bad Distad i rettesetja Monica Finden for det ho hadde sagt i intervjuet vedrørende sentrale personar i kommunen som hadde adresse utanfor Aurland. Styret i banken tok avstand frå dette og streka under at innhaldet i eposten var personlege ytringar frå Sulen si side. Det måtte ikkje på nokon måte oppfattast som eit ønske frå Aurland Sparebank om å blanda seg inn i tilhøve som ikkje har med banken si verksamhet å gjera.

Det lukkast ikkje Sogn Avis å få kontakt med Gunnar Sulen i går.

Jan Egil Fimreite
jan.egil.fimreite@sognavis.no

Møt Erna Solberg

Stand på torget, Øvre Årdal,
måndag 24. juni kl. 11.00

Korte apellar,
og litt mat

Arr.: Årdal Høgre m.fl.



Foto: CF-Wesenberg/Kolonihaven